



# Tilsynsrapport

Rapport	
Rapporttittel <b>Tilsyn med oppfølging av drift og vedlikehold på Heimdal</b>	Aktivitetsnummer 003000402
Gradering	
<input checked="" type="checkbox"/> Offentleg	<input type="checkbox"/> Begrensa
<input type="checkbox"/> Unntatt offentlighet	<input type="checkbox"/> Fortruleg
<input type="checkbox"/> Strengt fortruleg	
Involverte	
Hovudgruppe T-Land	Oppgåveleiar Trond Sundby
Deltakarar i revisjonslaget Eivind Jåsund, Kjell Arild Anfinsen, Morten Langøy, Trond Sundby	Dato 18.6.2019

## 1 Innleiing

Vi gjennomførte ein tilsynsaktivitet med oppfølging av drift og vedlikehold av Heimdal hovudplattform (HMP) der Equinor er operatør og Heimdal stigerøyrplattform (HRP) der Gassco er operatør med Equinor som teknisk tenesteytar. Tilsynet vart gjennomført i Equinor sine lokaler på Sandsli 21. og 22. mai 2019.

I dette tilsynet har vi følgd opp to tidlegare tilsyn på Heimdal i 2016 og 2018 der vi var både på land og offshore. I dette tilsynet har vi berre følgd opp landorganisasjonen.

## 2 Bakgrunn

Bakgrunnen for aktiviteten er erfaringar frå tidlegare tilsyn med HMP og HRP. HMP har sjølv lite eigenproduksjon, men er vert for innretningar som produserer inn til den i tillegg til at det er eit knutepunkt for gasstransport. Innretningane har òg hatt fleire skifte av operatør, og det er store volum med gass som går via innretningane. Drifta av begge innretningane må sjåast i samanheng.

Equinor søkte i 2013 om forlenga levetid for HMP i 2013. Det var i 2014 gjeve samtykke til forlenga levetid til 2034 for HMP (vår referanse: 2012/1207, Equinor referanse: AU-DPN OW MF-00409).

## 3 Mål

Målet med aktiviteten er å sjå til at Equinor og Gassco har etablert ein driftsmodell med tilstrekkeleg kapasitet til å handtere normale drifts- og vedlikeholdsoppgåver i tillegg til eventuelle uforutsette oppgåver, og at driftsmodellen er i henhold til selskapa sine egne krav og krav i regelverket. Vi vil òg følgje opp korleis Gassco utfører si påseplikt ovanfor Equinor, og vi vil følgje opp observasjonar frå tidlegare tilsyn for å verifisere korleis selskapa har handtert desse.

## 4 Resultat

### 4.1 Generelt

Resultata bygger på møter, samtalar, presentasjonar, verifikasjonar og dokumentgjennomgang med Equinor og Gassco. Tilsynet omfatta òg oppfølging av observasjonar frå tidlegare tilsyn.

Tilsynet tok for seg følgjande tema:

- Organisering av drift av innretningane (land og offshore Equinor, Gassco)
- Relevant styrande dokumentasjon og krav for drift og vedlikehald inkludert oppfølging og verifikasjonar
- Risiko- og barrierestyling
- Vedlikehaldsstyring
- Styring av endringar og avvikshandtering
- Integritetsstatus for system for trykksikring og nødavstenging
- Monitorerings- og verifikasjonsaktivitetar (planlagde og gjennomførte)
- Handtering av hendingar
- Oppfølging av prosjekt og modifikasjonar
- Læring og erfaringsdeling

Tilsynet påviste to områder med potensial for forbedring knytt til styring av aktivitetar og vedlikehald, og selskapet si eiga oppfølging.

### 4.1 Oppfølging av avvik

I tråd med innhald i varsel om tilsyn har vi verifisert korleis selskapa har handtert enkelte tidlegare påviste avvik som del av dette tilsynet.

For dei følgjande avvika har vi, basert på tidlegare oppfølging og informasjon motteke i tilsynet, vurdert at det vi har observert er i tråd med selskapa sine tidlegare tilbakemeldingar knytt til den konkrete tilsynsaktiviteten (rapport etter tilsyn av 25.11.2016, vår journalpost 2016/361):

- Avvik 5.1.1. om styring av aktivitetar på HMP og HRP
- Avvik 5.1.2. om barrierestyling
- Avvik 5.1.3. om brannbeskyttelse i anlegg
- Avvik 5.1.4. om uavhengigheit for prosessikringssystem
- Avvik 5.1.5. om styrande dokumentasjon
- Avvik 5.1.6. om Gassco sitt påseansvar

For det følgjande avviket har vi, basert på tidlegare oppfølging og informasjon motteke i tilsynet, vurdert at det vi har observert ikkje er i tråd med selskapet sine tidlegare tilbakemeldingar knytt til den konkrete tilsynsaktiviteten (rapport etter tilsyn av 25.11.2016, vår journalpost 2016/361):

- Avvik 5.1.7. om alarmhandtering av kontrollrom (TCC) på Bygnes (Gassco)
  - Grunngeving: Gassco har jobba aktivt med dette avviket sidan tilsynet i 2016. Dei har god oversikt over alarmer og har implementert ei rekke tiltak. Det er framleis uteståande aksjonar knytt til ytelseskrav for alarmer.

Vi gjekk òg gjennom forbedringspunkt frå tilsyna i 2016 (rapport etter tilsyn av 25.11.2016, vår journalpost 2016/361) og 2018 (rapport etter tilsyn av 23.3.2018, vår journalpost

2017/1058). Av dei totalt seks identifiserte forbetningspunkta så har vi kommentarar til forbetningspunkt 5.2.2. om selskapet (Equinor) si eiga oppfølging i rapport etter tilsyn av 25.11.2016, vår journalpost 2016/361. Dette kjem vi tilbake til i forbetningspunkt 5.2.2. i denne rapporten

## 5 Observasjonar

Våre observasjonar blir generelt delt i to kategoriar:

- *Avvik*: Knytt til dei observasjonane der vi meiner å påvise brot på / manglande oppfyljing av regelverket.
- *Forbetningspunkt*: Knytt til observasjonar der vi ser manglar, men ikkje har nok opplysningar til å kunne påvise brot på regelverket.

### 5.1 Avvik

Det vart ikkje påvist nokon avvik under tilsynet.

### 5.2 Forbetningspunkt

#### 5.2.1 Styring av aktivitetar og vedlikehald (Equinor og Gassco)

##### **Forbetningspunkt:**

Manglar ved vurderingar knytt til styring av aktivitetar og vedlikehald

##### **Grunngjeving:**

Equinor og Gassco har vurdert ulike scenario for framtida til Heimdalinnretningane der eit av dei er nedstenging av HMP og HRP i oktober 2021 med omlegging av gasstransportinfrastruktur. Dei to andre scenarioa er ulike variantar av vidare drift over kortare eller lenger tid.

I tilsynet vart det gjennom presentasjonar og samtalar gitt klart uttrykk for at det ikkje ville bli gjort endringar i vedlikehaldsplanar før beslutninga om å stenge ned eller vidare drift var teke. Vi fekk likevel gjennom samtalar og presentasjonar stadfesta at det var gjort endringar ved at enkelte vedlikehaldsoppgåver som hadde lengre horisont var stoppa. Ved verifikasjon i system for handtering av dispensasjonar og system for styring av vedlikehald identifiserte vi òg fleire tilfelle der det var gjort midlertidige reparasjonar og kost-nytte vurderingar knytt til begrensa levetid. Det kom ikkje frem kva vurderingar som er gjort av kva endringane medfører for sikkerheita på innretningane. Det var òg uklart kor stor arbeidsmengde som eventuelt bygger seg opp og moglegheita for å gjere noko med dette om beslutninga skulle vere å drive innretningane lenger enn 2021.

##### **Krav:**

*Styringsforskriften § 11 om beslutningsgrunnlag og beslutningskriterier*

*Aktivitetsforskriften § 45 om vedlikehold*

#### 5.2.2 Selskapet si eiga oppfølging (Equinor)

##### **Forbetningspunkt:**

Vurdering av behov for og mangelfull oppfølging av eiga verksemd

**Grunngjeving:**

Det framkom gjennom samtalar og presentasjonar at oppfølginga av Heimdal blir gjennomført ved til dømes dagleg oppfølging frå leiinga på innretningane, sikkerheitsrundar og besøk av leiinga frå landorganisasjonen. Det er derimot vår oppfatning at det ikkje er innarbeidd ein tilstrekkeleg og robust plan for systematisk oppfølging av aktivitetane på Heimdal. Døme på dette er få eigne formelle verifikasjonar og/eller revisjonar.

Oppfølgingsplanar viser i avgrensa grad ei systematisk oppfølging av eiga verksemd. Under samtalar kom det fram at fleire fagområde eller grupperingar i liten grad utfører eller er gjenstand for bekreftelses- og verifikasjonsaktivitetar. Ein spelar òg i liten grad inn tema og aktivitetar eller ser behov for uavhengige gjennomgangar. Innretningane er inne i ein fase der ei rekke beslutningar til vidare drift eller nedstenging skal takast. Heimdal-organisasjonen kunne ikkje gjere greie for kva vurderingar som var gjort med omsyn på oppfølging i denne fasen.

**Krav:**

*Styringsforskrifta § 21 om oppfølging*

**6 Andre kommentarar**

Det vart i oppsummeringsmøtet 22. mai på Sandsli ein kort diskusjon rundt observasjonar knytt til styring av aktivitetar og vedlikehald (dekka under forbetningspunkt 5.2.1. i denne rapporten). Det kom eit forslag frå Equinor om å arrangere eit møte med Equinor, Gassco og Ptil om beslutningsprosessane rundt nedstenging / vidare drift og framtidig vedlikehalds- og aktivitetsstyring på innretningane.

**7 Deltakarar frå oss**

Kjell Arild Anfinsen	fagområde konstruksjonssikkerheit
Eivind Jåsund	fagområde HMS-styring
Morten Langøy	fagområde konstruksjonssikkerheit
Trond Sundby	fagområde konstruksjonssikkerheit (oppgåveleiar)

**8 Dokument**

Følgjande dokument vart nytta under planlegging og gjennomføring av aktiviteten:

- Equinor Heimdal – organisasjonskart
- Equinor oversikt over barrierestatus
- Equinor presentasjonar i tilsynet
- Gassco Heimdal – organisasjonskart
- Gassco presentasjonar i tilsynet
- Gassco oversikt over barrierestatus
- Tidlegare tilsynsrapportar
- Heimdal Riser Platform Residual Lifetime Assessment 2018, Equinor 20.3.2018
- Heimdal Riser Platform Residual Lifetime Assessment 2018 oppsummeringsmatrise

**Vedlegg A**

Oversikt over involvert personell i tilsynsaktiviteten.